

# Vestlandsrådet

## Protokoll frå Vestlandsrådets møte 1. november 2018

Stad: **Gardermoen, Park Inn by Radisson**

Møtestart: Kl. 15.00

### Opning og innleiing

v/fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet Jon Aasen.

### Navneopprop:

Ved oppstart av møtet var 3 medlemmar fråverande.

### Sakslista:

Samrøystes godkjend utan endringar.

Alexander Øren Heen møtte frå kl. 15.40.

Gunn Berit Gjerde møtte frå kl. 15.50.

Ingen vara for Terje Søviknes møtte.

### Deltakarar

#### Rogaland fylkeskommune

Solveig Ege Tengesdal (Krf), Fylkesordførar

Marianne Chesak (A), Fylkesvaraordførar

Arne Bergsvåg (Sp)

forfall

Sofie Selvikvåg møter

Janne Johnsen (H)

forfall

Elin Schanche møter

Pål Morten Borgli (Frp)

forfall

Mats Danielsen møter

### **Hordaland fylkeskommune**

Anne Gine Hestetun (A), Fylkesordfører	forfall	<u>Kari Bernardini møter</u>
Pål Kårbø (Krf), Fylkesvaraordfører		
Bente Bondhus (Sp)		
Silja Ekeland Bjørkly (H)	forfall	<u>Mona Røsvik Strømme møter</u>
Terje Søviknes (Frp)	forfall	<u>ingen vararepresentant</u>

### **Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Jenny Følling (Sp), Fylkesordfører	forfall	<u>Aleksander Øren Heen møter</u>
Åshild Kjelsnes (A), Fylkesvaraordfører		
Noralv Distad (H)	forfall	<u>Bjørn Erik Hollevik møter</u>
Trude Brosvik (Krf)		
Jakob Andre Sandal (SV)		

### **Møre og Romsdal fylkeskommune**

Jon Aasen (Ap), Fylkesordfører

Gunn Berit Gjerde (V), Fylkesvaraordfører.

Jan Ove Tryggestad (Sp)

Charles Tøsse (H)

Frank Sve (Frp)

### **Inviterte innleiarar:**

Ole Helge Haugen	Fylkesplansjef Møre og Romsdal fylkeskommune
Hans Jakob Walnum	Prosjektleder Sustainable cruises
Petter Dybedal	Forfatter av TØI-rapport om Cruisetraffikk til norske havner (1651/2018)
Erling Oppheim	Dagleg leder Nærøyfjorden Verdsarvpark

### **Andre møtande:**

Trond Nerdal	Fylkesrådmann i Rogaland
Ottar Brage Guttelvik	Fylkesrådmann i Møre og Romsdal
Randi Klæbo	Rogaland fylkeskommune

Ole Inge Gjerald	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Beate Bergsholm	Hordaland fylkeskommune
Dagfinn Aasen	Sekretariatsleiar for Vestlandsrådet (også møteterferent)
Arne Hope	Sekretariatsleiar 2019
Lillian Sæther	Møre og Romsdal fylkeskommune

### **Saker til behandling:**

#### **VR-sak 29/2018 Regionreformen/oppgåvemeldinga – uttale til Stortinget frå Vestlandsrådet**

##### Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgande vedtak:

1. Vestlandsrådet meiner meldinga til Stortinget om nye oppgåver til regionane er ein god start på arbeidet med å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar, og er ei anerkjenning av fylkeskommunane sin kompetanse og moglegheiter som samfunnsutviklar. Fylkeskommunane får med dette forslaget eit meir heilskapleg regionalt ansvar innan samferdsel, kompetanse, næringsutvikling, landbruk, forskning, kulturminner og folkehelse. Dei nye oppgåvene passer godt inn i den oppgåveportofølgja fylkeskommunane allereie har.
2. Vestlandsrådet er spesielt positive til forslaga som ligg inne for å styrke fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør. Her har vi gode føresetnader for å ta ei koordinerande rolle og gi dette viktige samfunnsoppdraget både retning og relevans. Det ligg ein meirverdi i å knytte kompetansepolitikken nærmare ansvaret for vidaregåande skole, fagskolar, forskning, nærings- og innovasjonspolitikken. Vestlandsrådet vil i den samanheng understreke behovet for at styrings- og finansieringssystemet av universiteta og høgskolane blir innretta slik at det blir lønsamt for dei delta i det regionale samarbeidet.
3. Vestlandsrådet oppfattar at regjeringa følger opp ekspertutvalet si tilråding om betre heilskapleg regional styring, der statelege sektormyndigheiter må vere lydhøre for dei regionale folkevalte sine prioriteringar. Det blir svært viktig at denne intensjonen også blir tillagt stor vekt når fleire oppgåver skal avklarast i eigne utgreiingar.
4. Ei lang rekke oppgåver er føreslått vurdert eller utgreia i eigne prosessar. Dette er ikkje i samsvar med bestillinga frå Stortinget om ei samla behandling. Det blir svært viktig at representantar frå fylkeskommunane blir invitert inn i arbeidet med desse vurderingane og at dette ikkje blir overlate til kvar enkelt sektor å styre. Det blir også svært viktig at desse utgreiingsprosessane blir prioritert og går så raskt som mogleg slik at fylkeskommunane kan ta omsyn til dette i sitt

arbeid med å rigge sine organisasjonar for nye oppgåver frå 2020.

5. Vestlandsrådet vil understreke at regionreforma må bidra til at rolle- og ansvarsfordelinga blir tydeleg og gir moglegheit for effektivitet i forvaltinga. Nye oppgåver må ikkje føre til dobbel kompetanse eller dobbel behandling. Meldinga har i så måte nokre manglar når det gjeld oppgåver innan klima og miljø, planretteiing av kommunane, friluftsliv og næringsutvikling.
6. Når det gjeld næringsutvikling vil Vestlandsrådet påpeike at oppgåvemeldinga ikkje er i tråd med Stortinget sitt anmodningsvedtak 841, Innst. 385S (2016-2017) som seier at «Fylkeskommunen skal styrkes som næringspolitisk aktør ved at det skal flyttes oppgaver.». I oppgåvemelding er dette endra til «Oppdragsgiveransvaret for næringshageprogrammet, inkubatorprogrammet, mentorprogram, bedriftsnettverk, samt deler av etablerertilskuddet vil overføres fra staten til fylkeskommunene». For fylkeskommunane er det svært viktig at vi får oppgåvene og ikkje berre oppdragsgivaransvaret. Går dette igjennom, vil det innebære at fylkeskommunen sitt handlingsrom faktisk bli redusert. Omgrepet «oppdragsgivaransvar» blir også vist til i vurderinga av fleire av dei næringsretta virkemidla. Vestlandsrådet understrekar betydninga av at fylkeskommunane får oppgåveansvaret og ressursane knytt til desse.
7. Vestlandsrådet er positive til overføringa av oppgåver på kulturminnefeltet, og meiner dette vil tydeleggjere forvaltningsnivåa sine roller. Det er viktig at det også følgjer verkemidlar med overføringa av oppgåvene. Gjennom ei brei oppgåveportefølje har fylkeskommunane både erfaring og føresetnader for å vurdere ulike samfunnsomsyn mot kvarandre. Dei nye oppgåvene vil auke vårt ansvar for å prioritere og ta ivare viktige lokale, regionale og nasjonale kulturminne.
8. Når det kjem til konkrete forslag til nye oppgåver viser Vestlandsrådet til tidlegare uttalar frå den enkelte fylkeskommune der vi støtta tilrådingane frå ekspertutvalet.
9. Fylkeskommunane i Vestlandsrådet er klare til å ta på seg nye oppgåver, vi har fagkompetanse, lokalkunnskap og nettverk til å handtere dei. Det er likevel svært viktig at det følgjer ressursar med dei nye oppgåvene slik at vi ikkje må redusere eksisterande tenestetilbod for å kunne løyse dei. Vi er særleg skeptiske til finansieringa av oppgåva med dei statlege fiskerihamnene, der fylkeskommunane igjen står i fare for å overta statleg infrastruktur med betydeleg vedlikehaldsetterslep.
10. Gitt den positive intensjonen i oppgåvemeldinga om å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar, er Vestlandsrådet forundra og skuffa over regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Harde kutt i dei regionale utviklingsmidlane, reduksjon i tildeling til dei regionale forskingsfonda og reduksjon i midlar til breibandsutvikling vil ha stikk motsett verknad.

#### Vestlandsrådets vedtak:

Saka oversendes Arbeidsutvalet, som gis fullmakt til å utarbeide endeleg uttale frå Vestlandsrådet, i tråd med signal gitt i møtet.

Samrøystes.

Merknad:

Etter Vestlandsrådets møte har sekretariatet, i samråd med leiar, utarbeidd forslag til uttale. Dette har vore sendt Arbeidsutvalet sine medlemmar til uttale/godkjenning. Uttale om regionreformen - på vegne av Vestlandsrådet - følgjer som vedlegg 1 til denne protokollen.

**VR-sak 30-2018 Vestlandsrådet og framtida**

Tilråding:

Fylkesrådmannen legg saka fram utan tilråding på noverande tidspunkt.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet held fram som felles organ for vestlandsfylka.

Eiga sak om innhald, organisering og arbeidsplan for Vestlandsrådet blir å legge fram til behandling i første møte i 2019.

**Sak 31/2018 Handlingsplan cruisestrategi for Vestlandsfylka 2018 – 2020.**

Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til fatte følgande vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som tilrådinga.

**VR-sak 32/2018 Travel like the locals**

Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgande vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som tilrådinga.

## **VR-sak 33/2018 Tiltak mot marin forsøpling**

### Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgende vedtak:

1. Vestlandsrådet tek orienteringa om status for arbeidet til vitande.
2. Forslag til framtidig styringsstruktur vert lagt fram på neste møte i Vestlandsrådet.

### Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som tilrådinga.

### Merknad:

Det vart fremma ønskje om at det på neste møte i Vestlandsrådet blir gjeve ei orientering til Vestlandsrådet om KIMO (Kommunenenes Internasjonale MiljøOrganisasjon). Sekretariatsleiar vil følgje opp dette. (KIMO arbeider m.a. med marin forsøpling, opererer over landegrensene for å kunne gjere noko konkret med marin forsøpling og øvrige klimaspørsmål. Nordsjøkommisjonen har vedtatt ein samarbeidsavtale med KIMO, som har sitt sekretariat på Shetland).

## **VR-sak 34/2018: Brexit og moglege konsekvensar for Vestlandet - ei oversikt over eksport frå Vestlandet til Storbritannia**

### Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgende vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Det blir lagt fram ei ny sak når det kjem nærare avklaringar rundt resultatet i Brexit-forhandlingane, som også inneheld ei vurdering av om det vil vere aktuelt å gjere vidare analyser av konsekvensane av Brexit for vestlandsfylka.

### Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som tilrådinga.

## **VR-sak 35/2018 Om NORA**

### Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgende vedtak:

Vestlandsrådet tek sak til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som tilrådinga.

**VR-sak 36/2018 Rapport frå faste utval- internasjonalt arbeid**

Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgande vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som tilrådinga.

**VR-sak 37/2018 Statsbudsjettet for 2019**

Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

På bakgrunn av Vestlandsrådets drøftingar av statsbudsjettet for 2019 i møte 1. november 2018, blir sekretariatet gjeve fullmakt til å utarbeide ein felles uttale frå Vestlandsrådet til sentrale styresmakter.

Forslaget til uttale skal godkjennast av Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet og vere underteikna av leiaren.

Vestlandsrådets vedtak:

Saka oversendes Arbeidsutvalet, som gis fullmakt til å utarbeide endeleg uttale frå Vestlandsrådet, i tråd med signal gitt i møtet.

Samrøystes.

Merknad:

Etter Vestlandsrådets møte har sekretariatet, i samråd med leiar, utarbeidd forslag til uttale. Dette har vore sendt Arbeidsutvalet sine medlemmar til uttale/godkjenning. Uttale om statsbudsjettet for 2019 - på vegne av Vestlandsrådet - følgjer som vedlegg 2 til denne protokollen.

**VR-sak 38/2018****Møteplan for 2019**Tilråding:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å fatte følgende vedtak:

Vestlandsrådet si møteplan for 2019:

- Februar: torsdag 28. februar
- Juni: fredag 21. juni
- November: torsdag 14. november

Stad for møta blir å avgjere av Rogaland fylkeskommune, som tek over leiarskapet i Vestlandsrådet i 2019.

Arbeidsutvalet si møteplan for 2019:

- 24. januar
- 03. mai
- 22. august
- 24. oktober
- 12. desember

Vestlandsrådets vedtak:

Møteplana samrøystes vedtatt med følgende endring:

VR-møte 28. februar går ut. Ny dato: 15. februar.

**VR-sak 39/2018****Eventuelt**

Ingen saker under «eventuelt».



## **Vedlegg:**

- 1 Vestlandsrådets uttale til Regionreformen
- 2 Vestlandsrådets uttale til Statsbudsjettet 2019

## **Vestlandsrådets uttale vedr. Regionreformen**

### **Innleiing**

Fylkeskommunane i Vestlandsrådet er klare til å ta på seg nye oppgåver, det er fagkompetanse, lokalkunnskap og nettverk til å handtere dei. Det er likevel svært viktig at det følgjer ressursar med dei nye oppgåvene slik at ein ikkje må redusere eksisterande tenestetilbod for å kunne løyse nye oppgåver. Vestlandsrådet er særleg skeptisk til finansieringa av oppgåva med dei statlege fiskerihamnene, der fylkeskommunane igjen står i fare for å overta statleg infrastruktur med betydeleg vedlikehaldsetterslep.

Ei lang rekkje oppgåver er foreslått vurdert eller utgreia i eigne prosessar. Dette er ikkje i samsvar med bestillinga frå Stortinget om ei samla behandling. Det blir svært viktig at representantar frå fylkeskommunane blir invitert inn i arbeidet med desse vurderingane og at dette ikkje blir overlata til kvar enkelt sektor å styre. Det blir også svært viktig at desse utgreiingsprosessane blir prioritert og går så raskt som mogleg slik at fylkeskommunane kan ta omsyn til dette i sitt arbeid med å rigge sine organisasjonar for nye oppgåver frå 2020.

Vestlandsrådet viser til uttalen frå **KS sitt landsstyre**, der ein seier seg nøgd med at det blir bekrefta at fylkeskommunane skal ha ein eigen administrasjon for eige vegnett, og at det blir lagt til rette for at dette skjer frå 2010. Vidare at fylkeskommunane må styrkast innan områda samferdsel, næring, forskning og kompetanse, kultur og klima, miljø og naturressursar, samt regional planlegging.

Når det kjem til konkrete forslag til nye oppgåver viser Vestlandsrådet til tidlegare uttalar frå den enkelte fylkeskommune der vi støtta tilrådingane frå ekspertutvalet.

### **Fylkeskommunane som samfunnsutviklarar**

Vestlandsrådet meiner meldinga til Stortinget om nye oppgåver til regionane er ein god start på arbeidet med å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar, og er ei anerkjening av fylkeskommunane sin kompetanse og moglegheiter som

samfunnsutviklar. Fylkeskommunane får med dette forslaget eit meir heilskapleg regionalt ansvar innan samferdsel, kompetanse, næringsutvikling, landbruk, forskning, kulturminner og folkehelse. Dei nye oppgåvene passer godt inn i den oppgåveportefølgja fylkeskommunane allereie har.

Vestlandsrådet er spesielt positive til forslaga som ligg inne for å styrke fylkeskommunane som *kompetansepolitisk aktør*. Her har vi gode føresetnader for å ta ei koordinerande rolle og gi dette viktige samfunnsoppdraget både retning og relevans. Det ligg ein meirverdi i å knytte kompetansepolitikken nærmare ansvaret for vidaregåande skole, fagskolar, forskning, nærings- og innovasjonspolitikken. Vestlandsrådet vil i den samanheng understreke behovet for at styrings- og finansieringssystemet av universiteta og høgskolane blir innretta slik at det blir lønsamt for dei å delta i det regionale samarbeidet.

Gitt den positive intensjonen i oppgåvemeldinga om å styrke fylkeskommunane som samfunnsutviklarar, er Vestlandsrådet forundra og skuffa over regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Harde kutt i dei regionale utviklingsmidlane, reduksjon i tildeling til dei regionale forskingsfonda og reduksjon i midlar til breibandsutvikling vil ha stikk motsett verknad.

### **Heilskapleg regional styring**

Vestlandsrådet oppfattar at regjeringa følger opp ekspertutvalet si tilråding om betre heilskapleg regional styring, der statlege sektorstyresmakter må vere lydøre for dei regionale folkevalde sine prioriteringar. Det blir svært viktig at denne intensjonen også blir tillagt stor vekt når fleire oppgåver skal avklarast i eigne utgreiingar.

### **Tydeleg rolle- og ansvarsfordeling**

Vestlandsrådet vil understreke at regionreforma må bidra til at rolle- og ansvarsfordelinga blir tydeleg og gir moglegheit for effektivitet i forvaltninga. Serleg gjeld dette mellom Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Nye oppgåver må ikkje føre til dobbel kompetanse eller dobbel behandling. Meldinga har i så måte nokre manglar når det gjeld oppgåver innan klima og miljø, planretteiing av kommunane, friluftsliv og næringsutvikling.

### **Næringsutvikling**

Når det gjeld næringsutvikling vil Vestlandsrådet påpeike at oppgåvemeldinga ikkje er i tråd med Stortinget sitt anmodningsvedtak 841, Innst. 385S (2016-2017) som seier at «Fylkeskommunen skal styrkes som næringspolitisk aktør ved at det skal flyttes oppgaver». I oppgåvemelding er dette endra til «Oppdragsgiveransvaret for næringshageprogrammet, inkubatorprogrammet, mentorprogram, bedriftsnettverk, samt deler av etablerertilskuddet vil overføres fra staten til fylkeskommunene». For fylkeskommunane er det svært viktig at ein får oppgåvene og ikkje berre oppdragsgivaransvaret. Går dette igjennom, vil det innebere at fylkeskommunen sitt handlingsrom faktisk blir redusert. Omgrepet «oppdragsgivaransvar» blir også vist til i vurderinga av fleire av dei næringsretta verkemidla. Vestlandsrådet understrekar betydninga av at fylkeskommunane får oppgåveansvaret og ressursane knytt til desse.

## **Kulturminne**

Vestlandsrådet er positive til overføringa av oppgåver på kulturminnefeltet, og meiner dette vil tydeleggjere forvaltningsnivåa sine roller. Det er viktig at det også følgjer verkemidlar med overføringa av oppgåvene. Gjennom ei brei oppgåveportefølje har fylkeskommunane både erfaring og føresetnader for å vurdere ulike samfunnsomsyn mot kvarandre. Dei nye oppgåvene vil auke vårt ansvar for å prioritere og ta i vare viktige lokale, regionale og nasjonale kulturminne.

## **Vestlandsrådets uttale vedr. Statsbudsjettet for 2019**

- 1. Kompensasjon for tap etter tidlegare omlegging av inntektssystemet.** Det er avgjerande at fylkeskommunane blir kompensert for tap av tidlegare omleggingar i inntektssystemet. Som eksempel kan nemnast situasjonen i Sogn og Fjordane, som fekk eit tap etter omlegging til nytt inntektssystem i 2015 på 2500 kr per innbyggjar. Ved full innføring av inntektssystemet gir dette eit årleg tap på vel 300 mill. kr. Det har vore politisk akseptert at inntektssystemet har gjeve nokre urettmessige utslag som skal kompensera særskilt.
- 2. Vestlandsrådet krev ei betydeleg opptrapping av den statlege medfinansieringa for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.** Vestlandsfylka har eit svært stort etterslep når det gjeld vedlikehald av fylkesvegnettet, og må tilførst vesentleg større ressursar om situasjonen skal kunne betrast.
- 3. Vestlandsrådet ber om at tunnelsikkerheitsforskrifta blir fullfinansiert av staten.** Fylkeskommune har fått utsett frist til 2025 for oppfylling av krava som ligg i tunnelsikkerheitsforskrifta. Med dagens økonomiske situasjon er dette ei urealistisk tidsramme.
- 4. Vestlandsrådet etterlyser korleis Stortinget sitt vedtak om låg- eller nullutslepp for ferjer og hurtigbåtar i fylkeskommunal regi skal realiserast og finansierast, og ber om at dei statlege støtteordningane til utslippsreducerande tiltak vert styrka.** Av veksten i fylkeskommunane sine frie inntekter skal 100 millionar kroner verte gitt i ei særskilt fordeling til ferjefylka i 2018. Dette er vidareført og indeksregulert for 2019. Føreslåtte løyvingar dekkjer ikkje dei auka kostnadene som følgje av krav til auka frekvens og kapasitet grunna trafikkutviklinga og til låg- og nullutslepp i nye ferjeambod. Stortinget har bede regjeringa sette i verk tiltak som «sikrer at alle fylkeskommunale og kommunale ferjer og hurtigbåtar benytter lav- eller nullutslippsteknologi ved nye ambod og på ruter i egen regi». (Anmodningsvedtak 1. desember 2015). Dette medfører høgare investeringskostnader for landanlegga (ladeutstyr og liknande) og ferjer. Vestlandsrådet støttar målsettingane om meir miljøvennlege løysingar, men stiller spørsmål om korleis dette skal finansierast. Med det store vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet og allereie store underskot i ferjedrifta, ser rådet det som særskilt vanskeleg å ta kostnaden omlegginga til ny teknologi medfører. Om staten ikkje tar ein større del av kostnadene, kan Vestlandsrådet ikkje sjå at det er mogeleg å gå for miljøvennlege løysingar innan ferjedrifta. Det betyr i så fall framleis forureinande dieselferjer.
- 5. Vestlandsrådet krev at overføringane til fylkeskommunal ferjedrift følgjer utviklinga til riksvegferjedrifta.** Over tid har løyvingar til riksvegferjer auka klart meir enn overføringane til fylkeskommunal ferjedrift, og denne utviklinga

held fram i forslaget til statsbudsjett for 2019. Denne forskjellsbehandlinga er ikkje akseptabel.

**6. Innsatsen for skredsikring av fylkesveggar må halde fram også etter 2023.**

Vestlandet har generelt sett store utfordringar i forhold til skred og skredsikring, og fylkeskommunane må sikrast midlar som er i samsvar med forventningane i handlingsprogrammet for NTP i perioden 2018-2023. Det er eit stadig aukande behov for skredsikring, og satsinga må halde fram også etter 2023.

**7. Førebuing av regionreforma krev omstillingsmidlar i 2019.** Det ligg an til at fylkeskommunane vil få fleire nye oppgåver frå 2020. Ei av dei som vil få størst administrative og personellmessige konsekvensar er overføringa av alle oppgåver knytt planlegging, utbygging, drift og vedlikehald til fylkesveggar. Overføringa skal skje 1. januar 2020 eller seinast 1. januar 2021. Allereie i 2019 må det løyvast omstillingsmidlar til dette arbeidet.

**8. Regionale utviklingsmidlar er gode verktøy for nærings- og samfunnsutvikling i distrikta, desse må aukast heller enn kuttast.**

Vestlandsrådet er sterkt kritisk til dei føreslegne kutta i regionale utviklingsmidlar, løyvinga til regionale forskningsfond og midlane til breibandsutbygging via Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKom). Vestlandsrådet sluttar seg til uttalen frå landsstyret i KS. Desse kutta vil skape ulike konkurransevilkår, då dette verkemiddelet er tenkt brukt i dei områda og lokalsamfunna som har størst utfordringar med omsyn til verdiskaping og folketalsutvikling. Generelle tiltak er ikkje nok til å skape vekst her.